



# ØKONOMIPLAN

## 2019-2022



Surnadal  
kommune

Høyringsdokument 21.11.18



## Innhold

1	Rådmannen sin kommentar .....	4
2	Politisk grunnlag for budsjettet.....	6
3	Plan og analysar .....	6
3.1	Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune .....	6
3.2	Samfunnssdelen .....	7
3.3	KOSTRA og effektivitetsanalyse.....	8
3.4	Likestilling .....	10
3.5	HMS – arbeid .....	10
3.6	Folketalsutviklinga i kommunen .....	11
3.7	Sentrale inntekter .....	11
3.7.1	Eigedomsskatt .....	11
3.7.2	Konsesjonskraft .....	11
3.7.3	Oppsummering av frie inntekter for perioden 2019 - 2022 .....	12
3.7.4	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar .....	12
3.7.5	Lånegjeld, rente og avdragsutvikling .....	12
3.7.6	Renter og avdrag eigne anleggsmidlar .....	12
3.7.7	Kommunal deflator .....	12
3.7.8	Fond .....	12
3.8	Utvikling i einingane sine rammer .....	14
4	Sentraladministrasjonen .....	15
4.1	Rådmannen .....	15
4.2	Personal og kontorstøtte .....	16
4.3	Næring og utvikling .....	16
4.4	Digitalisering og ikt .....	18
5	Kultur .....	19
6	Politisk verksemد .....	21
7	Oppvekst .....	21
7.1	Midtigrenda barnehage .....	21
7.2	Øye og Skei barnehage .....	22
7.3	Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter .....	23
7.4	Mo oppvekstsenter .....	24
7.5	Todalen og Stangvik oppvekstsenter .....	25



7.6	Øye skule .....	26
7.7	Surnadal ungdomsskule.....	27
7.8	Vaksenopplæring og integrering .....	28
8	Helse og omsorg .....	31
8.1	Helse og familie .....	31
8.2	Sjukeheimen .....	33
8.3	Bu- og aktivitetstenesta.....	35
8.4	Heimetenesta og rehabilitering.....	37
8.5	NAV Surnadal.....	38
9	Teknisk .....	40
9.1	Kommunalteknikk.....	40
9.2	Areal- og naturforvaltning .....	42
9.3	Eigedom.....	43
10	Ik barnevern .....	45
11	Investeringar og prioriteringar .....	48



## 1 Rådmannen sin kommentar

Surnadal kommune leverer gode tenester i dag og skal fortsette med det også i framtida. Men det er viktig å ha blikket rette framover og innrette drifta slik at den kan vere bærekraftig. Rådmannen ønsker å understreke at budsjettet og økonomiplanen nok ein gong er svært stramt. Vi har igjen utarbeidd eit budsjett utan sterke kutt i tenestetilbodet, men dette vil det ikkje vere muleg å gjere stort lenger. Derfor ser vi på inntektssida like mykje som på kostnadssida, med t.d. med å redusere botnfrådraget for eigedomsskatten. Det har i år vore nødvendig å saldere budsjettet med fond.

Arbeidet med å tilpasse drifta til tilgjengelege midlar har gått føre seg i fleire år no og vil halde fram også i neste økonomiplanperiode. Vi må erkjenne at det kanskje ikkje er muleg å halde fram med alle dei tenestene som vi i dag yter. Dei oppgåvane som vi evt. kan redusere eller avvikle bør greiast ut i god tid før neste års budsjettprosess, slik at vi som del av vedtaksgrunnlaget er godt kjent med konsekvensane av eventuelle endringar av oppgåver og tilbod.

Det er kombinasjonen av kutt i inntekter og reduksjon av statlege overføringar som fører til at vi har redusert det første budsjettforslaget med vel 18 mill. Skal vi klare dette må vi vere svært nøkterne i drifta vår, og ikkje minst vere restriktive når det gjeld ny rekruttering. Tvert i mot må vi redusere med minst 15 årsverk gjennom naturleg avgang, noko som kan vere ein vanskeleg balansegang da det også er viktig å ha tilstrekkeleg kompetanse i alle einingar til ei kvar tid.

Befolkningsutviklinga i kommunen har vesentleg å seie for rammetilskotet. Vidare har vi som følgje av endringar i inntektssystemet fått omfordelingseffekter som ikkje har slått gunstig ut for Surnadal kommune. Inntektsgarantiordninga (INGAR) sikrar rett nok at nedgangen i inntekter blir trappa ned over fleire år.

Innvandringa til kommunen har vore viktig for Surnadal kommune dei siste åra, men vi har samanlikna med andre kommunar få innvandrarar i forhold til folketallet. Vi ønsker at alle som kommer hit skal bli godt integrerte og leve sine liv slik dei ønsker på ein trygg og god måte.

Det er no omlag 90 flyktningar i kommunen. Talet på asylsøkjarar til Norge er betydeleg redusert, og ein større del av kommunane får ikkje tilbod om å busette flyktningar. Med færre busette flyktningar vil også dei statlege overføringane bli redusert og dermed også det totale aktivitetsnivået innafor eininga Vaksenopplæring. Vi kan heldigvis vise til gode resultat i arbeidet med å legge til



rette for at innvandrarane kan utvikle sine eigenskaper og skaffe seg utdanning og arbeid.

I arbeidet med å effektivisere tenesteproduksjonen ligg det er store mulegheiter. Vi kan no nå ut til befolkninga 24 timer i døgnet og teknologien gjør at arbeidsprosessane internt i kommunen blir meir effektive. Vi forsøker no å forsterke fokuset vårt på innbyggjarane sine behov for tenesteløysingar og rutinar. Vi må sjølv sagt tilpasse våre arbeidsrutinar og val av verktøy og fagsystem i takt med dette. I 2018 har vi arbeidd godt med «digital transformasjon», både i einingane og på tverrfagleg og overordna nivå. M.a. har det vore fagdagar for tilsette, der vi har arbeidd grundig med prosessar innan dette temaet. Det aller viktigaste er å klare å sjå tenestene «utafrå», altså med brukaren eller innbyggaren sine briller. Dette arbeidet blir ytterlegare intensivert i 2019, der vi skal modernisere enda fleire arbeidsprosessar.

I 2019 skal einingane Kommunalteknikk og Eigedom fusjonerast, til ei ny eining Teknisk drift. Det vil bli arbeidd med å finne synergieffektar både når det gjeld administrativ leiing, felles planlegging og felles utstyr og bemanningsdisponering. I samband med kommunevalet i 2019 vil det også bli gjennomført ein større gjennomgang av både administrativ og politisk struktur.

I etterkant av kommune- og regionreforma arbeider vi no med å tilpasse det interkommunale samarbeidet med nye strukturar. Slik det ser ut i dag kan det gå i retning av at både kulturskulen og PPT i framtida blir samarbeid mellom Surnadal og Rindal (altså utan Halsa). Når det gjeld barnevern er det meir aktuelt å utvide samarbeidet, der også Sunndal (og mulegens Tingvoll) blir med i eit nytt samarbeid i lag med Surnadal og Rindal, men da med Surnadal som vertskommune som i dag.

Vi er «assosiert medlem» i Orkdalsregionen, særleg pga. helsearbeid (legevakt mv) og felles samferdselsutfordringar (FV65). Samtidig er vi sjølv sagt ein del av Nordmøre og ORKide. Dette gjer at vi kan hente kunnskap, erfaringar, påverknadskraft og nettverk i to regionar – men samtidig krev det også meir tid å delta i to regionråd.

I investeringsplanen er det i år lagt fram eit forslag på heile 166 millionar kroner for 2019, som er godt over det dobbelte av investeringane i 2018. Hovudårsaka er oppstart av «nye Øye skule og nye omsorgsboligar ved sjukeheimen, som utgjer ca 57% av det samla budsjettet. Det er vidare lagt inn nye 5 millionar kroner til å legge fast dekke på kommunale vegar, på same måte som i 2017 og 2018. I dette arbeidet inngår også nye stikkrenner og forsterking av bruer. Rådmannen meiner dette er viktig for å redusere behovet for vedlikehald av dei kommunale vegane.



Nytt av året er det i 2019 lagt opp til eit «gatelysprosjekt» med investering på 1,5 mill, der formålet er å få lys i nokre nye vegstykke i eksisterande bustadfelt i kommunen. Dette er positivt både for trafikktryggleik, trivsel og attraktivitet.

Tilsette som føler seg sett og verdsett, ansvarleggjort og myndiggjorte vil vere eit viktig bidrag for å lykkast i arbeidet med å tilpasse driftsnivået til reduserte inntekter. Vi må arbeide for å styrke fellesskapsfølelsen ved at kvar enkelt tilsett føler at det ein yter er eit viktig bidrag for Surnadal kommune og tenestemottakarane, og at vi saman kan få til eit godt resultat.

Eg vil framheve den gode jobben som dei tilsette i Surnadal kommune gjer kvar einaste dag gjennom heile året. Samtidig har vi eit utviklingsorientert kommunestyre, og midt oppi dette er mitt håp at eg som rådmann kan bidra til å få ut det beste av dei samla personressursane i lag med dei andre leiarane i kommunen.

Vi har alle eit ansvar for å skape forståing for det arbeidet som må gjerast i 2019 og vidare i økonomiplanperioden. Vi er ikkje i noko særstilling i kommune-Norge når det gjeld spørsmålet om å få til ei bærekraftig drift. Framtida vår handlar i stor grad om evnen vår til produsere best muleg tenester ut i frå dei inntektene vi rår over til ei kvar tid. Skal vi klare dette må vi ha ei stadig meir rasjonell og effektiv drift, og samtidig vere dyktige for å få ein mest muleg rettferdig ressursfordeling, og tilpasse oss den langsiktige utviklinga av demografien i kommunen vår.

Surnadal, 21. november 2018

Knut Haugen  
rådmann




## 2 Politisk grunnlag for budsjettet

Første fase av arbeidet med 2019-budsjettet starta med at einingane skulle budsjettere «nedanfrå», altså finne fram til kva dei meinte var dei reelle behova – utan å henge seg for mykje opp i rammene frå tidlegare år. Måndag 24. og tysdag 25. september hadde vi årets budsjettkonferanse, der kommunestyret (dag 1), hovudtillitsvalte, hovudverneombod, einingsleiarar (dag 1) og leiargruppe (til saman 55 personar) var samla til presentasjonar, drøfting og prosessarbeid for å kartlegge årets budsjettutfordring – og ikkje minst arbeide saman for å finne gode forslag for å redusere kostnader. På dette viset fekk vi fram mange nyttige tankar som er lagt inn i budsjettet. Elles har budsjettarbeidet i oktober vore presentert for alle hovudutvala, der politikarane har hatt høve til å komme med signal til administrasjonen sitt vidare arbeid.

## 3 Plan og analysar

### 3.1 Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune





## 3.2 Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2014 – 2026 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 20.06.2014. I planen er det 6 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaene er: barn og unge, folkehelse, likestilling og diskriminering, samfunnssikkerheit og beredskap, universell utforming og miljø og klima

Samfunnsdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

### Befolkningsutvikling og kompetanse

I samfunnsdelen blir det lagt vekt på at det er viktig for kommunen å halde fram som regionsenter med eit godt tenestetilbod og attraktive arbeidsplassar. Innvandringa gir eit meir mangfaldig samfunn, og er saman med innflyttarar viktig for å sikre framtidig arbeidskraft. Målet i samfunnsplanen er :

#### Mål

Vekst i folketalet for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse

### Barn og unge sine oppvekstvilkår

Samfunnsutviklinga gjer at ein i dag på ein annan måte enn tidlegare må legge til rette for gode barnehagar og ein god skulegong. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg hjelpe og støtte i ein tidleg fase for dei som har behov for det. Målet i samfunnsplanen er:

#### Mål

Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.



## Næringsutvikling

Framover kan det bli utfordrande for så vel privat næringsliv som det offentlege å finne ønska arbeidskraft. Samspelet mellom det frivillige, kommune og næringsliv er viktig for at folk skal trivast både i arbeid og på fritid.

### Mål

Sørge for at etablerte næringar kan oppretthaldast minst på det nivå dei har i dag, og legge forholda til rette for at nye verksemder kan etablere seg.

## Folkehelse og levekår

Det vil ikkje bli mogleg å halde fram med å bygge ut helsetenestetilbodet ved berre å auke volumet av dei tenestene vi tilbyr. Velferdsteknologi og folkehelsetiltak må til for at folk kan ta meir vare på seg sjølv og både førebygge og styrke eiga helse.

### Mål

God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

## Kultur – omdømme – identitet

For å bygge omdømme og identitet bør det utviklas teit samarbeid mellom kommunen, lag, skular, frivillige og næringslivet. Det er viktig å spele på dei rike tradisjonane vi har i kulturlivet.

### Mål

Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfold, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte – og for kvarandre- der kulturlivet skal vere ei drivkraft i forma av vår identitet og vårt omdøme.

## Tettstads- og arealutvikling

I sentrum og i bygdene må det planleggast for gjennomgangsbustader, eldrebustader, gang- og sykkelvegar og turstiar. Det er viktig å sikre tilgang til strandline og populære friluftsområde.

### Mål

Eit godt tilrettelagt fysisk miljø som tek vare på samfunnssikkerheita og gir god trivsel og utvikling i heile kommunen.

## 3.3 KOSTRA og effektivitetsanalyse

Telemarksforskning har utarbeidd ein KOSTRA- og effektivitetsanalyse for 2017 som illustrerer korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenesteområde



harmonerer med kommunen sine økonomiske rammebetingelsar, dvs. dei har teke omsyn til både berekna utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigerte frie inntekter).

Telemarksforskning oppsummerer slik:

- *Vi har utarbeidet en KOSTRA- og effektivitetsanalyse som skal illustrere hvordan kommunens ressursbruk på sentrale tjenesteområder harmonerer med kommunens økonomiske rammebetingelser, dvs. vi tar hensyn til både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigerte frie inntekter).*
- *Våre beregninger viser at Surnadal kommune, på de sentrale tjenesteområdene som inngår i inntektssystemet, hadde merutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på 36,3 mill. kr i 2017. Da er det ikke hensyntatt verken for at kommunen tross alt hadde et høyere beregnet utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» (ca. 3,7 prosent i 2017), eller at kommunen hadde et inntektsnivå som lå ca. 7 prosent over landsgjennomsnittet (tilsvarende om lag 22,9 mill. kr i 2017).*
- **Beregningene viser at Surnadal kommune samlet sett hadde merutgifter på 1,9 mill. kr i forhold til kommunens «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå» i 2017.**

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2017 (mill. kr) sammenlignet med		
	Landsgjennom-snittet	«Normert og utgiftsnivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	-2,9	8,4	4,5
Administrasjon	4,8	2,5	0,6
Landbruk	1,8	0,4	0,4
Grunnskole	6,9	9,7	3,7
Pleie og omsorg	36,7	9,4	1,6
Kommunehelse	-2,1	-4,7	-5,8
Barnevern	-2,4	0,2	-0,7
Sosialtjeneste	-6,3	-1,2	-2,5
<b>Sum</b>	<b>36,3</b>	<b>24,8</b>	<b>1,9</b>

*Meir-/mindreforbruk ift. landsgjennomsnittet og «normert og inntektsjustert nivå». Surnadal kommune. Mill. kr. Kilde: KOSTRA/KMD, beregninger ved TF*



## 3.4 Likestilling

Med likestilling meiner ein likeverd, like moglegheiter og like rettar. Likestilling forutsett tilgjengeleight og tilrettelegging.

Formålet i diskrimineringslova er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person. Lova tek særleg sikte på å betre kvinner og minoritetar si stilling, og skal bidra til å byggje ned samfunnsskapte funksjonshemmande barrierer, og hindre at nye blir skapt.

Det er ei viktig rettesnor i Surnadal kommune at arbeid for likestilling er forankra i alle ledd i forvaltninga og mellom leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Dette skal kome til uttrykk i planarbeidet i kommunen, der mellom anna universell utforming ligg i botnen.

Rådet for funksjonshemma har eit særleg ansvar for å arbeide med saker som kan ha bety noko for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet er kommunen sitt likestillingsutval.

Surnadal kommune legg mykje arbeid i å integrere og inkludere busette flyktningar. Både kommunen og næringslivet tilbyr plassar for arbeidstreining, Vi samarbeider også med frivillige lag og organisasjonar om trivselstiltak og felles møteplassar.

## 3.5 HMS – arbeid

AAU vedtek på slutten av året kva som skal vere satsingsområda komande år innafor HMS, både for utvalet AAU og organisasjonen elles. Det blir gjort kjent for alle einingar i eige saksframlegg.

I 2017 og 2018 har bedriftskultur og etiske retningsliner vore felles satsingsområde for HMS i organisasjonen, både for AAU og organisasjonen elles. Dei enkelte einingane skal ha fokus på bedriftskultur og etiske retningsliner, med utgangspunkt i problemstillingar dei møter på arbeidsplassen sin.

No er vi ved utgangen av 2018, og det er då naturleg at AAU fastsett nye satsingsområde for HMS for åra 2019 og 2020.



### 3.6 Folketalsutviklinga i kommunen

Aldersgruppe	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2025	2030	2040
0 år	64	50	51	52	52	53	55	55	53
1-5	284	297	300	299	299	299	299	311	300
6-12 år	457	453	467	453	446	448	455	457	486
13-15 år	211	196	188	205	202	214	202	207	214
16-19 år	344	356	331	297	276	248	265	267	272
20-66 år	3481	3461	3439	3433	3437	3424	3366	3319	3214
67-79 år	845	863	870	884	913	927	956	963	1057
80-89 år	235	241	251	290	297	315	363	462	540
90+ år	65	61	63	60	60	63	69	95	161
Totalt	5986	5978	5960	5973	5982	5991	6030	6136	6297

Kjelde: Regionalstatistikken, SSB

Prognosane viser stabile fødselstal i neste fireårsperiode. Gruppa 1-5 år ligg stabilt på rundt 300 personar. Gruppa 13-15 år er også nokså stabil på rundt 200 personar. For gruppa 16-19 år blir det markert færre frå 2019, noko som har sin bakgrunn i at fødselstala vart merkbart redusert frå 2002 og framover. Vi ser også av tabellen at gruppa mellom 67-79 år er veksande, og at det også slår ut for aldersgruppa over 80 år.

### 3.7 Sentrale inntekter

#### 3.7.1 Eigedomsskatt

Det er for perioden 2019 til 2022 lagt inn kr 22 300 000,- i inntekt. Dette inneholder eigedomsskatt på kraftverk og næringseigedomar, og auke i inntekt frå bustader og fritidshus. Den generelle satsen er 7 promille for alle eigedommar, men redusert sats på 6,5 promille for bustad- og fritidseigedomar. Heile beløpet blir disponert i det aktuelle året.

#### 3.7.2 Konsesjonskraft

Det er lagt inn kr 4 600 000,- i konsesjonskraftinntekter for perioden. Dette er i tråd med prognosene frå Svorka, og heile beløpet er lagt inn i drifta.



### 3.7.3 Oppsummering av frie inntekter for perioden 2019 - 2022

(i 1000 kr)	2019	2020	2021	2022
Sentrale skatteinntekter	144 053	144 053	144 053	144 053
Rammetilskot inkl. skjønnsmidlar	204 067	199 867	199 063	199 079
<b>Sum skatt og rammetilskot</b>	<b>348 100</b>	<b>343 900</b>	<b>343 100</b>	<b>343 100</b>

Det er tatt utgangspunkt i ei flat utvikling i perioden. Det betyr at den berekna skatteinngangen i 2019 er vidareført for heile perioden. Når det gjeld rammetilskotet er denne redusert i takt med nedtrappinga av INGAR (inntektsgarantiordninga). INGAR gir oss ein kompensasjon for bortfallet av statlege overføringer, etter endringar i inntektssystemet. I økonomiplanen er inntektene for 2019 vidareført i heile perioda.

### 3.7.4 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar

Endringar i kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar er omtalt i eigne saker.

### 3.7.5 Lånegjeld, rente og avdragsutvikling

Tabellen under viser kommunen sitt behov for låneopptak i perioden. Kommunen hadde kr 414 646 066,- i lånegjeld ved utgangen av 2017. Ved utgangen av 2022 vil økonomiplanen gi kommunen ei samla lånegjeld på om lag 675 mill. kr.

Talet for lånegjeldsutvikling vil naturleg nok vere avhengige av kva investeringar vi vedtek i perioden, og kor mykje årleg avdrag vi legg opp til.

### 3.7.6 Renter og avdrag eigne anleggsmidlar.

Det er i perioden lagt til grunn ei gjennomsnittleg rente på 1,3% p.a. på lånegjelda vår, som er minst 0,5% over dagens rentenivå. Dette muleg ved å optimalisere finansieringløysingane våre, t.d ved overgang til sertifikatlån på deler av lånegjelda. I tillegg har vi fastrenteavtalar på 62 mill. av lånegjelda. Avdrag blir budsjettert i tråd med minste lovlege avdrag etter forskrifta.

### 3.7.7 Kommunal deflator

Den kommunale deflatoren for 2019 er sett til 2,8. Vektinga av deflatoren er at lønnsveksten har ein del på 2/3, mens varekjøp og bruttoinvesteringar har ein del på 1/6 kvar av den kommunale deflatoren.



### 3.7.8 Fond

Kommunen sine samla fondsmidlar pr. 31.12.17 utgjorde kr 59 444 506. Dette inkluderte kr 24 786 294 i rentefondet.

Fondsmidlane fordeler seg slik på dei ulike fondstypane:

<b>Fond</b>	<b>Rekneskap 31.12.17</b>	<b>Rekneskap 31.12.16</b>
Bundne driftsfond	18 367 933	14 360 571
Bundne investeringsfond	196 259	4 704 868
Ubundne investeringsfond	0	0
Disposisjonsfond	36 380 314	37 236 273
<b>Sum fond</b>	<b>59 444 506</b>	<b>56 301 712</b>

Det er pr dato budsjettet med netto bruk av disposisjonsfond på kr 11,45 mill. i 2018.



### 3.8 Utvikling i einingane sine rammer

(alle tall i 1000 kr)	Opprinn eleg budsjett 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinn eleg budsjett 2016	Regulert budsjett 2016	Opprinn eleg budsjett 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinn eleg budsjett 2018	Regulert budsjett 2018
SENTRALADM.	16 601	27 323	25 323	25 073	25 751	26 298	26 249	27 074
KULTUR	6 876	7 241	6 425	6 425	6 026	6 188	6 033	6 334
POLITISK VERKSEMD	4 664	4 758	4 258	4 258	4 231	4 300	3 951	3 505
MIDTIGRENDA BARNEHAGE	6 864	7 079	7 109	6 759	6 516	7 409	7 852	8 233
ØYE OG SKEI BARNEHAGE	10 650	11 106	11 011	11 011	11 003	11 335	11 407	11 871
BØFJORD OG BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER	6 689	6 873	6 803	6 803	6 811	6 984	7 184	8 783
MO OPPVEKSTSENTER	6 445	6 623	6 553	6 553	6 574	6 751	7 437	8 193
TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTSENTER	13 470	14 776	15 106	15 936	15 979	16 393	16 379	17 138
ØYE SKULE	27 004	27 827	27 552	28 102	27 846	28 528	27 678	27 965
SURNADAL UNGDOMSSKULE	22 820	23 217	23 147	23 147	23 035	23 550	22 950	23 387
VAKSENOPPLÆRING OG INTEGRERING	1 982	11 078	9 428	15 318	15 323	15 679	15 279	15 600
HELSE OG FAMILIE	23 661	20 544	19 797	19 897	21 128	21 096	21 551	21 806
SJUKEHEIMEN	52 410	56 572	51 491	51 491	50 597	51 655	49 782	52 047
BU OG AKTIVITETSTENESTE	34 742	42 134	39 202	39 202	40 234	41 660	42 874	49 603
HEIMETENESTA OG REHABILITERING	27 062	30 732	32 732	32 732	32 549	33 218	33 184	33 489
NAV	4 520	5 634	5 784	5 784	5 237	5 783	5 928	8 121
KOMMUNALTEKNIKK	13 350	15 038	13 538	13 538	9 439	10 706	9 335	12 144
KOMMUNALTEKNIKK – VAR	-2 606	-2 496	-2 496	-2 496	-2 471	-2 471	-2 471	-2 471
AREAL OG NATURFORVALT.	6 342	6 502	6 302	6 302	6 070	6 215	6 115	6 146
EIGEDOM	30 485	31 025	29 321	29 671	18 176	19 867	18 136	19 089
SENTRALE INNT./UTGIFTER	-333 452	-361 135	-354 186	-361 306	-347 773	-361 463	-357 966	-380 540
MVA. REFUSJON INVESTERINGAR	-	-	-	-	-	-	-	-
YMSE INNT./UTGIFTER	-9 000	-8 300	-6 800	-6 800	-6 800	-4 200	-4 500	-4 500
TILSKOT	8 011	8 461	8 919	8 919	9 742	9 742	10 256	10 256
FORDELING PENSJON	-	-13 000	-7 059	-7 059	-5 693	-5 693	-5 693	-5 693
DAGLEG LEIAR PPT	2 624	2 624	2 624	2 624	2 624	2 624	2 624	2 624
REKTOR KULTURSKULEN	2 991	2 953	2 953	2 953	2 953	2 953	2 940	2 940
KYRKJELEG FELLESRÅD	5 575	5 575	5 782	5 782	5 732	5 732	5 732	5 732
IK BARNEVERN	9 255	9 255	9 220	9 236	9 161	9 161	9 161	10 511



## 4 Sentraladministrasjonen

### 4.1 Rådmannen

#### Status og utfordringar

Stabsfunksjonane til Rådmannen er organisert som eiga eining, der ein forutan leiargruppa har økonomiavdeling, personavdeling, næring og utvikling, arkiv, servicetorg/ekspedisjon, informasjon, IKT, politisk sekretariat og barnehagekonsulent. Ein stor del av oppgåvane vil vere interne overfor dei tjenesteytande einingane, men også ein god del utadretta oppgåver t.d. i kontakt med næringsliv og innbyggjarar elles.

#### Utfordringar

- Gjennomføre kostnadsreduksjonar i drifta.
- Rekruttere og halde på kompetent personale.

#### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Vurdere behovet for endringar av den administrative- og politiske strukturen og gjennomføre planlagte endringar.
- Interkommunalt samarbeid må tilpassast ny kommunestruktur.
- Gjennomføre nødvendige reduksjonar i drifta.
- Gjennomføre politiske vedtak som følger av budsjettredusjonane.
- Fortsette arbeidet med digitaliseringsprosjekt i alle deler av organisasjonen.
- Førebu og gjennomføre kommune- og fylkestingvalet.

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Tilpasse tenesteproduksjonen etter dei økonomiske rammene.
- Tilpasse nye strukturelle endringar som følger av politiske vedtak.

#### Rådmannen si vurdering

Det blir viktig å samarbeide godt med einingane for å tilpasse tenesteproduksjonen til redusert driftsnivå. Det blir viktig å gjennomføre gode arbeidsprosessar, slik at organisasjonen på best muleg måte tek vare på sine tilsette. Trepidatssamarbeidet vil vere viktig for å lukkast i dette arbeidet.

#### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018 Netto	Budsjett 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto	Øk.plan 2021 Netto	Øk.plan 2022 Netto
Sentraladm	28 483	26 249	26 300	26 300	26 300	26 300



## 4.2 Personal og kontorstøtte

### Status og utfordringar

Arbeid med gjennomgang og revidering av alle HMS-rutinar vart sluttført våren 2018. Nye HMS-rutinar vart vedtatt av Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet i juni 2018 og alle HMS-rutinar er lagt inn i det elektroniske kvalitetssystemet som kommunen har. Det er utarbeidd nye rutinar for mobbing og trakassering, herunder seksuell trakassering, og for vald og truslar.

Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet har hausten 2018 gjort vedtak om å sette ned ei arbeidsgruppa for å revidere Personalplana, og arbeidet blir starta opp i november 2018.

Arbeid med opplæring av leiarar i sjukefråværssoppfølging, herunder digital sjukefråværssoppfølging er vidareført i 2018.

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Fortsette og sluttføre arbeidet med revidering av Personalplana. Det er lagt opp til at arbeidet skal vere ferdig slik at saka er klar til behandling i kommunestyret før sommaren 2019, og at ny plan skal gjelde frå 01.07.19.
- Styrke arbeidsgjevarfunksjonen gjennom kontinuerleg oppfølging og intern opplæring av leiarar.
- Halde fram med intern opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod i aktuelle tema som har med forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar å gjere, t.d. Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen.
- Utnytte ytterlegare VISMA HRM, Rekruttering og Forhandling til ulike arbeidsoperasjonar innafor fagområdet vårt.
- Innføre elektronisk signering av arbeidsavtalar.
- Fortsette å ha fokus på tidleg avklaring i langvarige sjukemeldingssaker, med satsing på digital oppfølging og halde fram med kvartalsvise møte med NAV Surnadal.

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

Fortsette med å halde oss fagleg oppdatert innafor fagområda som ligg til Personal og kontorstøtte, når det gjeld endringar i lover, avtaleverk og rettspraksis, slik at lokal praksis i Surnadal kommune er i samsvar med dei endringane som skjer på dette området.

## 4.3 Nærings- og utvikling

### Status og utfordringar

Nærings- og utvikling består av eit team som skal jobbe for samfunns- og næringsutvikling for heile kommunen og i samarbeid med Sunndal og resten av Nordmøre. Våre oppgåver i tillegg til samfunns- og næringsutvikling er å forvalte næringsfondet og være HoppId kontakt. Utviklingsteamet skal sette i gang prosessar som skapar utvikling i kommunen. Kommunalsjefen er framleis



uteleigd til Surnadal Hamneterminal AS som no er i driftsfase. Vi fyller alle ulike verv og posisjonar, men hovudoppgåva vår er å skaffe eksterne midlar til dei tiltak vi vil gjennomføre. Dette gjer vi både i eigen regi og i samarbeid med andre, slik som næringssamarbeidet med Sunndal.

Utfordringa vår er at vi er få og arbeidsoppgåvane mange. Vi har likevel evna å levere mange gode tenester og oppnådd dei mål vi har satt oss.

- Vi forsett å leie ut kommunalsjefen til Surnadal Hamneterminal AS i ei 15% stilling.
- Næringskonsulenten er utleid i sekretærfunksjon i Surnadal Alpinsenter og Surnadal Alpineiendom.
- Vi driftar næringsutviklingsprogram for SuSu saman med SUNS AS
- Vi har HoppId kontor
- Vi har stadig aukande pågang på næringsfondet og bedriftsrådgiving i den samanheng
- Vi har som oppgåve å profilere og selje industri- og næringsareal.

### Dette vi vi oppnå i 2019

- Surnadal Hamneterminal AS og Surnadal Havnelager AS er no fusjonert. Vi arbeider får å legge til rette for ei god drift og vedlikehald.
- Fortsette med å få til eit godt system for oppfølging av verksemder som har fått støtte frå næringsfondet og jamnlege bedriftsbesøk
- Få fleire og betre etableringar med god og stabil drift
- Starte programmet Næringsvenlig kommune med forstudie og søke Innovasjon Norge om midlar.
- Følgje opp det gode samarbeidet med Innveno, med sine tre bedriftsnettverk.
- Få fleire investorar/kjøparar i opparbeidd areal i Røtet
- Lage gode møteplasser for ungdommen frå fleire kommunar
- Utvikle gode tiltak for SMB-bedrifter i samarbeid med Sunndal
- Bidra til at Surnadalsøra kan utvikle seg til ein myldreplass for handverkarar og kunstnarar.
- Finne nye samarbeidsformer i Hoppid.no programmet.

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv
- Styrke Surnadal kommune sitt omdømme som ein god plass å bu
- Bidra til å få utbygd Svartvatnet friluftspark
- Bidra til å få bygd aktivitetspark i Sæterlia for heilårsdrift
- Arbeide med å få tak i fleire eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen
- Bidra til at kommunen blir enda betre til å imøtekommne næringa sine tenestebehov.
- Bidra til at sentrum blir meir publikumsvennleg og attraktivt

## 4.4 Digitalisering og ikt



## Status

Informasjon og service er ei avdeling med mange ulike fagområde. Vi er ei støtte-eining som i høyeste grad kjenner på utviklinga og behova som endrar seg med tanke på den digitale utviklinga.

## Utfordringar

- Behovet for 24/7 oppetid
- Tilgjengeleghet med tanke på fagsystem og informasjon

## Dette vil vi oppnå i 2019:

- Innføre nytt sak/arkiv system våren 2019
- Innføre Minside på heimesida, ein rollestyrta portal for innbyggjarar, tilsette og politikarar
- Innføre ei moderne arbeidsflate for alle tilsette, med tilgang til alle fagsystem uavhengig av utstyr du sitt på, og kor du befinn deg
- Auke den digitale kompetansen til tilsette ved å tilby fleire e-læringskurs i KS-læring og halde fysiske kurs i einingane
- Legg til rette for god delingskultur og informasjonsflyt

## Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Flytte alle fagsystem i skya og med det flytte alle lokale serverrom
- Sette opp og tilby eit ope nettverk for både publikum og tilsette



## 5 Kultur

### Status og utfordringar

Kultur for kultur!

Kultur for kulturen sin eigenverdi.

Kultur for bulyst, kultur som identitetsskapar, kultur som samfunnsbyggar, kultur for inkludering, kultur for læring.

Kultureininga er eit lite ansvarsområde innanfor kommunen, men kulturen er eit av dei største områda i kommunen. Alle innbyggjarane blir påverka av kultur på ein eller annan måte i kvardagen sin. Surnadal er den kommunen med flest medlemmar i idrettslag i Møre og Romsdal. Totalt så har vi rundt 140 registrerte lag og organisasjonar.

Organisasjonar med medlemmar som; overleverer kulturarv til barn og unge, som steiker bakels, kører land og strand rundt, ryddar stiar, leitar etter bortkomne, samlar og dokumenterer historia vår. Dei målar, fotograferer, spikkar, fisker, jakter, går på ski, kører opp skispor, sitt i styre. Denne lista kan fyllast på i det uendelege. Alle desse aktive folka har glede av sine aktivitetar, men vi ser at det er utfordring å fylle styreværa. Det er stadig nye krav som blir lagt på dei frivillige organisasjonane; Brønnøysundregisteret, rapportering for bruk av tilskot, digitale skjema og meir til. Vi meiner at det er ei av årsakene til at det er færre som ønskjer å ta ansvar i styrer.

Her ligg moglegheitene og utfordringane til kultureininga. Vi må legge til rette for at Surnadal kan fortsette å ha eit aktivt kultur-, idretts- og friluftsliv også i framtida!

I tillegg til alt dette, så har vi stor aktivitet på kulturhuset; bra kinobesøk, utlån på biblioteket, kulturplanen er ferdig revidert og det kjem ei ny bygdebok til jul, men vi saknar fritidsklubben vår!

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Gi ut den fjerde bygdeboka.
- Arbeide vidare med Kavlvegprosjektet i samarbeid med Nordmøre museum.
- Etablere frivilligsentral og fritidsklubb
- Sette fokus på og styrke samhandling mellom, frivillig sektor, kommunen og næringslivet.
- Planarbeid; kulturminneplan.
- Sørge for at den nye rammeplanen til kulturskolen blir politisk behandla.
- Vere tett på utviklinga i kulturskolen i samband med gjennomføringa av kommunereforma



## Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Vidareutvikle bygdeboknettstaden
- Surnadalsøra som kulturell myldrepllass
- Auke aktiviteten i Kallastua
- Arrangere barne/ungdomsmusikal
- Fleire opne og strømma debattar i biblioteket
- Utvikle ein App, med fokus på alt friluftsliv i Surnadal
- Aktivt arbeid med god læring i ungdomsrådet, gi ungdommane mulegheit til å styrke eigenaktivitet, jobbe med identitetstilhør, få meir medverknad og innflytelse.

## Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018-netto	Budsjett 2019-netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Kultur	6 791	6 033	7 875	7 875	7 875	7 875

### Rådmannen si vurdering

Vi klarar å lage mykje god kultur for denne ramma, fordi vi i tillegg til kultureininga har eit stort engasjement frå frivillige lag og organisasjonar. Ungdommen er aktivt med i både «Give me 5» og 10-klassen prosjektet, samt ein svært aktiv Kulturskule. Spesielt har engasjementet frå ungdomsrådet vore viktig med tanke på muleg etablering av fritidsklubb. Vi ser òg at det kan ligge til rette for eit enda tettare samarbeid mellom frivilligheita, kommunen og næringslivet om vi får etablert frivilligsentral.

Prosjektet Kavlveg og kultursti på Eidet, som er eit samarbeid mellom Surnadal kommune, Nordmøre museum og Husasnotra har til no fått god støtte frå Riksantikvaren og fylket. Prosjektet har fått ein ny dimensjon når vi no får med forskingsmiljøet frå NTNU. Dette kan bli eit særte spennande friluftsområde bygd på kulturminne og historieformidling.

Vi har eit rikt og god tilbod på anlegg for å drive organisert idrett. Idrett og friluftsliv blir stadig viktigare for barn og unge, og ikkje minst for dei vaksne. STIKK-UT turar, stavgang, Kløverturar og vennetrim grip om seg med stadig fleire brukarar/deltakarar. Det må vi forsette å legge til rette for.



## 6 Politisk verksemd

Leiar for dette ansvarsområdet er ordføraren. Arbeidet blir støtta med sekretærbistand frå sentraladministrasjonen og tenestekjøp av revisjonstenester og kontrollutvalet sine sekretariatstenester.

I samband med kommunevalet 2019 blir det sett i gang eit arbeid med å evaluere politisk og administrativ struktur. Politisk reglement og delegasjon, møtereglementet og godtgjeringsreglementet skal og rullerast som ein del av dette arbeidet.

### Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2017-netto	Budsjett 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto	Øk.plan 2021 Netto	Øk.plan 2022 Netto
Politisk verksemd	3 352	3 951	3 500	3 500	3 500	3 500

## 7 Oppvekst

### 7.1 Midtigrenda barnehage

#### Status:

- Vi har mange barn i barnehagen og har i tillegg til vanlig drift fleire barnehageplasser i brakkerigg. Antall barn har auka betrakteleg frå januar-17, og vi har lite barnehageplassar å tilby.
- Utvila personalgruppe pga. dette, fleire barnehagelærar inn pga. ny pedagognorm.
- Fokus på godt personalsamarbeid mellom alle avdelingane.

#### Utfordringar:

- Utvila barnegrupper: Pga. utvida grupper og brakkerigg har vi «vokse» oss ut av barnehagen vår, og utfordringa har vore å få nok barnehageplasser i Surnadal kommune. Dette kan det sjå ut som vi har ei plan på no med utviding av barnehageplasser permanent.
- Fokus på tidleg innsats: Når vi no har utvida barnegruppene våre så mykje som vi har gjort dei siste 2 åra, ser vi at antall barn med særskilte behov har auka. Vi har då meir behov for både bemanning kring desse enkeltbarna og spesialpedagogisk kompetanse



### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Starte planlegging og oppstart av nye barnehageplasser etter kommunestyrevedtak gjort i november. (Oppgradere og bygge på Midtigrenda barnehage).
- Komme i gang med læringsløypa: «Læringsmiljø», som er ei felles satsing mellom barnehage og skule i Surnadal kommune i samarbeid med fleire andre kommuner, mtp. prosjektet: «Framtidas oppvekst 2040».
- Fortsette implementering av ny rammeplan.
- Fortsette arbeidet med IKT-inn mot både personalgruppa, foreldregruppa og barnegruppene.
- Fortsette med ICDP-foreldregruppe våren 2019, og forhåpentlegvis ansattegrupper ila. året.

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Forhåpentlegvis står Midtigrenda barnehage fram som ein betre oppgradert og påbygd barnehage, som gjer at vi kan organisere oss betre på dei fysiske areala, og drive barnehage etter framtidas tenking.
- Budsjett i tråd med tjenestene, kvalitet i alle ledd. Fokus på prosjekt og nedfellte planer gjer at vi må også ha eit budsjett i tråd med kva resultat vi ønskjer for arbeidet vårt.
- Videreføre prosjektet med framtidas oppvekst, der vi arbeider vidare med læringsløypa «Læringsmiljø» i Surnadal kommune –læringsløypa som skal gå over 3 år (2019-2021) – Her er det viktig at vi får nok kompetanse i barnehagen framover for å klare å endre praksis som trengs for Framtidstenkinga vår.
- Starte opp neste læringsløype i Surnadal kommune som mest truleg blir »Språk-lesing-skriving».

### Økonomiske rammer


	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Midtigrenda bar.	8 010	7 852	8 100	8 100	8 100	8 100

## 7.2 Øye og Skei barnehage

### Status og utfordringar

#### Status:

- Det er stor pågang på småbarnsplassar
- Skei barnehage treng utbetring av eksisterande lokalar/ nye lokalar



## Utfordringar

- Vi har for lite småbarnsplassar i kommunen
- Vi ønsker spesialpedagogisk kompetanse inn i eininga
- Vi har utfordringar med å få til nok ubunden tid for barnehagelærarar

## Dette vil vi oppnå i 2019:

- Gjennomføre ICDP-opplæring for de ansatte
- Komme godt i gang med læringsløypa vi har valgt for perioden
- Fortsette implementering av Rammeplan for barnehagen
- Komme i gang med planlegging av ny barnehage dersom vedtak om dette.

## Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Flytte Skei barnehage inn i nye lokalar.
- Auke kapasiteten på barnehageplassar

## Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Øye og Skei barnehage	11 561	11 407	11 800	11 800	11 800	11 800

## 7.3 Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

### Status og utfordringar

- 45 elevar i skulen.
- Til saman 27 barn i barnehagane.
- Godt samarbeid internt og på tvers av avdelingane.
- Fokus på tidleg innsats, enklare om vaksentettheta har vore større.
- Fått to sertifiserte ICDP-veiledere i barnehagen og gjennomført veiledning for ei foreldregruppe og ei ansattgruppe.
- Stor fleksibilitet i personalet, som løyser fråvær etter beste evne.

## Dette vil vi oppnå i 2019:

- Fortsette fokus på IKT utstyr og opplæring.
- Arbeide aktivt med §9A, for å fortsette å skape trygge rammer for alle i heile oppvekstsenteret.
- Fortsette med implementering av rammeplan i barnehagane.
- Førebuing og implementering av ny læreplan i skulen.
- Delta i læringsløyper, eit samarbeid i Nettverk Nordmøre
- Kompetent og stabilt personale som skaper kvalitet, trygghet og samarbeid for alle.
- Økonomisk ramme som ivaretok måla og utfordringane våre.
-



### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Delta i læringsløyper, eit samarbeid i Nettverk Nordmøre.
- Implementere ny læreplan i skulen og rammeplan i barnehagane.
- Fortsatt satsing på IKT og utstyr. Utvida digitalt samarbeid med heimane.
- Fortsatt aktivt arbeid med §9A for å skape trygge rammer for alle i heile oppvekstsenteret.
- Kompetent og stabilt personale som skaper kvalitet, trygghet og samarbeid for alle.
- Økonomisk ramme som ivaretok måla og utfordringane våre.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Bøfjorden og Bæverfjord opp.	7 893	7 184	8 800	8 800	8 800	8 800

## 7.4 Mo oppvekstsenter

### Status

- Stabilt barnetal i barnehagen, 3 nye 1-åringar i vårhalvåret 2019.
- 40 elevar i skulen
- Godt samarbeid mellom skule, SFO og barnehagen, stor fleksibilitet.

### Utfordringar

- Ramma vår dekkjer ikkje stort refusjonskrav frå ein anna kommune, gjeld fosterheimspllassert elev.
- Vi har fokus på tidleg innsats i barnehagen og i skulen. Vi har barn som er i risiko, og barnehagen/skulen har i utgangspunkta ikkje nok grunnbemanning for å kunne ivareta desse barna godt nok. Vi har ikkje økonomi til å setje inn ønska tiltak for å hjelpe desse barna.

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Oppretthalde fokus på IKT utstyr og opplæring. Samt digital transformasjon når det gjeld samarbeid med heimen og informasjonsflyt i eininga.
- Kompetanseheving i digitale tenester (nytt sak-/arkivsystem, Office365, Visma, Teams mv)
- Arbeide aktivt med kap. 9a for å skape trygge dagar for alle både i barnehagen og i skulen.
- Fortsetje med god oppvekst prosjektet i regi PPT og fagleg blikk i barnehagen.
- Gi god tilpassa opplæring i dialog med barna/elevane.( medverknad)
- Fortsett å skape tverrfagleg og temabasert læring i skule og barnehage.
- Gi tid og rom for læring gjennom praktiske aktivitetar i barnehage og skule



- Finne treffpunkt for felles kompetanseheving for tilsette i barnehage og skule.
- Fortsette med implementering av rammeplan i barnehagen.
- Implementering av ny læreplan i skulen.

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Delta i læringsløyper i regi av Nettverk Nordmøre, der det handlar om læringsmiljø dei 3 første åra.
- Implementering av ny læreplan for skulen og rammeplan for barnehagen.
- Økonomiske rammer som gjer oss i stand til å oppfylla dei behova elevar og barn har.
- Kompetente personalet som er gode på relasjon barn/elev- vaksen.
- Kompetent personalet i forhold til bruk av IKT.

#### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Mo oppvekstsenter	7 565	7 437	7 700	7 700	7 700	7 700

## 7.5 Todalen og Stangvik oppvekstsenter

#### Status og utfordringar

- Auke i elevtalet til 62 ved Stangvik skule gjer at vi må omorganisere bruken av enkelte rom frå barnehage til skule. Vi må og finne løysingar med ny inndeling av rom for å møte utfordringa større elevtal gjev.
- Få barn ved Todalen barnehage. Sårbart og ressurskrevjande.
- Utfordringar med barn som har ekstra behov både med tanke på personale og romtekniske løysingar.
- Stor fleksibilitet i personalgruppa som gjer at vi kan møte desse utfordringane på ein best muleg måte.
- At ein får økonomiske rammer til å møte desse utfordringane.

#### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Fortsette arbeidet implementering av ny rammeplan i barnehagen.
- Førebu seg best muleg med tanke på læreplan-fagfornyinga i skulen.
- Fortsatt satsing på IKT gjennom å prioritere godt IKT-utstyr.
- Ved alle fire avdelingane vil ein fortsatt arbeide aktivt for eit godt skule- og barnehagemiljø der vi har fokus på lovkrava i § 9A
- Gjennom nettverk-nordmøre heve kompetansen i barnehagen og skulen ved å delta i læringsløypa for læringsmiljø.



### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Eit fortsatt kompetent og stabilt personale som vil gje god kvalitet i barnehage og skule med tanke på bl.a. læringsmiljø, IKT og arbeidet for eit godt skule- og barnehagemiljø
- Implementere ny rammeplan i barnehagen og ny læreplan i skulen

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	17 142	16 379	17 000	17 000	17 000	17 000

## 7.6 Øye skule

### Status og utfordringar

Elevnedgang på 10 elevar frå skuleslutt juni 2018 til skulstart aug. 2018. Frå skulestart aug. 2017 til januar 2018 stig elevtalet med 8 elevar, kjente tal per no.

4 nye elevar i haust kjem rett frå flykningeleir med null norskkunnskap. Desse elevane treng tospråkleg assistent/lærar – det kan vi få rekruttert frå Sunndal – det krev ekstra økonomiske ressursar som vi ikkje har

Satsing på tidleg innsats på 1.-4. trinn med ekstra lærarar og spesialpedagogar. Inneverande budsjettår fekk vi 721 518,- ekstra frå Stortinget til dette – vi er usikre på om vi får noko i 2019, eller kor mykje vi event får, da endringa frå 2017 til 2018 når det gjeld tidleg insats ble definert om frå 1.-4.trinn til 1.-10. trinn i takt med innføring av ny lærernorm i grunnskulen.

### Dette vil vi oppnå i 2019:

Vi ønskjer å videreføre tidleg innsats for 1.-4. trinn

Vi ønskjer å ta opp igjen den store satsinga på IKT, slik at vi har ei dekning ein til ein på alle trinn.

Vi ønskjer å «Skape eit godt og trygt elev- og læringsmiljø for alle elevane våre. Dette vil vi oppnå ved å satse på «Godt samarbeid skule-heim» - «Motivasjon» - «God klasseleiing» - «Relasjonsbygging» - «Vaksne må vere tilstades»

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022: \*

Det er ikkje lagt ein felles fremtidig plan for Øye skule og Surnadal ungdomsskule, så punktene under ei videreføring av dei måla Øye skule har satt seg for 2020-2021.

Ein ny skule for elevar og tilsette som har fasilitetar vi no manglar, men som i 2018 er sett på som normal standard. Eks: Kantine for elevane, gode og eigna



lokale for SFO, garderobar tilpassa elevatal og alder, store og gode nok lærararbeidsplassar som er eigna for samarbeid med kollegaer osb.

Behalde ein stab tilsette med god fagleg differensiert utdanning  
Satse på vidareutdanning i fag vi manglar kompetanse.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Øye skule	28 590	27 678	27 500	27 500	*	*

Merket \* gjeld Nye Øye.

## 7.7 Surnadal ungdomsskule

### Status og utfordringar

- Elevtal 2018/19: **189**. Elevtal 2019/20: **201**.
- Auke i talet på elevar med spesielle behov, både når det gjeld spesialundervisning og framandspråklege. Dette krev ekstra ressursar og fagkompetanse.
- Siste året har det vore ei utfordring å få tak i vikarar i samband med både korte og lengre permisjonar/ fråvær. Ein legg også merke til uvanleg lite respons på utlysningar av vikariat på kjente permisjonar.

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- IKT: Prioritere oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.
- Sosial kompetanse: MOT. Systematisk fokus på læringsmiljø. Spekterundersøkingar med oppfølging i samarbeid med PPT to gonger i året.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Involvering av elevar, foreldre, tillitsvalde og næringsliv i planarbeidet. Oppfølging av lokalt og interkommunalt visjons- og målarbeid. Lokal tilpassing til fagfornyinga/ ny læreplan.
- Kompetanseutvikling: Halde fram med oppfølginga av kompetanseplanen. Vi har lærarar på vidareutdanning kvart år for å møte kompetansekrava i faga framover.
- Personale og økonomi: Prøve å disponere tilgjengeleg personale så godt som mogleg i tider med pressa økonomi.

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Samarbeide med Øye skule for at den nye barne- og ungdomsskulen blir ein god skule for alle elevar og tilsette.



## Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
SUS	23 272	22 950	24 000	24 000	*	*

## 7.8 Vaksenopplæring og integrering

### Status

- I skrivande er omlag 90 flyktningar busette i kommunen
- Ved vaksenopplæringa får 50 deltagarar opplæring på dagtid og åtte deltagarar på kveldstid. Tilbodet på kveldstid er for arbeidsinnvandrarar.
- 37 personar deltek på kommunen si introduksjonsordning.
- Eininga har 13 tilsette. Av desse er tre tilsett ved integreringa og ni ved vaksenopplæringa

### Utfordringar

- Samstundes med at ankomsten av asylsøkjarar til Noreg er i løpet av det siste året er betydeleg redusert få og ein større del av asylsøkjarane avslag på søknadane sine. Dette vil i sin tur føre til at kommunane blir oppmoda om å busette færre flyktningar enn tidlegare førespeglar. Når kommunen busett færre flyktningar vil det føre til at statlege overføringer blir redusert og at aktiviteten i eininga på sikt må takast ned.
- Som skrive over er det vanskeleg å framskrive tal fleire år framover da det er umuleg å spå om korleis flyktningsituasjonen vil sjå ut i åra som kjem.
- Det er per dato ikkje avklåra om kommunen for oppmoding om å busette flyktningar i 2019
- Auke forståinga for flykningarbeidet internt i kommunen

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Gje dei busette flyktningane tilbod om eit målretta og individuelt tilpassa introduksjonsprogram.
- Tett oppfølging av kvar einskild flyktning
- Busette det talet på flyktningar som kommunestyret eventuelt gjer vedtak om.
- Sikre flyktningane godt tilpassa opplæring i norsk og grunnskulefag.
- Betre integreringsarbeidet gjennom å vidareutvikle samarbeidet med frivillige organisasjonar.
- Få på plass samarbeidsavtalar med eksterne aktørar
- Sørge for at flyktningarbeidet får ei klårare oppgåvefordeling mellom dei kommunale einingane.
- Arbeide for at flyktningane blir ein integrert del av lokalsamfunnet
- At minst 80 % av flyktningane går over i aktive tiltak (skule eller jobb) etter avslutta introduksjonsprogram



## Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Tilby dei flyktningane som blir busett i kommunen og som er i målgruppa for introduksjonsordninga eit godt og målretta kvalifiseringsløp som er i tråd med dei krav som introduksjonslova sett. Dette gjel anten dei vel å gjennomføra grunnskuleopplæring eller praktisk norsk der arbeidspraksis/språkpraksis er ein del av kvalifiseringsløpet.
- Tilby framandspråklege som busett seg i kommunen grunnleggande norskopplæring.
- Skape god samarbeidsrelasjonar med dei frivillige organisasjonane.
- Minst 80 % av dei som avsluttar introduksjonsprogrammet over i aktive tiltak innan eit år etter avslutta program.
- Arbeide for at flyktningar og innvandrarar blir ein naturleg brukargruppe av dei offentlege tenestene i kommunen.

## Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Vaksenopplæring og integrering	15 661	15 279	12 594	12 594	12 594	12 594

## Rådmannen si vurdering

Innanfor oppvekstsektoren er den største investeringa i økonomiplanperioden å planleggje og byggje nytt skulebygg for elevar og tilsette på Øye skule og Surnadal ungdomsskule. Dersom alt går som planlagt, blir det byggjestart våren 2019.

Ein auke i talet på barn 0 år og 1 år frå 2016 til 2017 på 18 barn, hovudsakleg i Nedre Surnadal, har gjeve stort behov for fleire småbarnsplassar. Midtigrenda fekk ei mellombels løysing for barnehageåret 2017/18, som vart vidareført i barnehageåret 2018/19. I investeringsbudsjettet for 2019 er det lagt inn kr 4,8 mill. til oppgradering og utviding av Midtigrenda barnehage. Auken i behovet for småbarnsplassar er framleis stort, men barnetalsveksten var noko mindre i 2017. Det er likevel framleis behov for meir areal til barnehageplassar. Kommunestyret gjorde vedtak om ei sak våren 2019, om framtidig bruk av 97-bygget på Øye.

Einingane i oppvekst varslar om tronge rammer, der det er lite rom for nye utfordringar eller endringar. Det er framleis stort gap mellom framskriving av gjeldande drift og tildelte rammer. Med ein gong vi får fleire barn i ein barnehage, refusjonskrav frå ein annan kommune eller fleire barn med særskilde behov, har einingane store utfordringar med å halde budsjetta sine.

Størstedelen av budsjetta går til løn for tilsette. Kvaliteten på barnehage – og skuletilboda er direkte knytt til talet på tilsette. I statsbudsjett for 2017 og 2018



vart det lagt inn øremerka styrkingsmidlar for 1.-4. trinn, og for oppfylling av bemanningsnormen for 1.-10. trinn. Det er varsle at denne ordninga blir vidareført i 2019. Dette er midlar Surnadal kommune må rapportere særleg om bruken av, og dersom ein ikkje kan dokumenterer at dei blir brukt til å auke innsatsen for 1.-10. trinn i alle skulane i tillegg til kommunen sine eigne ressursar, vil ein miste tilskotet.

Det er enda usikkert om vi vil få busette flyktningar også i 2019. I 2018 fekk busette vi 11 flyktningar. Ein har i budsjetta for 2018 og 2019 lagt inn omfattande reduksjonar i tenesta for Vaksenopplæring og integrering, for å møte nedgangen i busettinga.



## 8 Helse og omsorg

### 8.1 Helse og familie

#### Status

Kommuneplanen sin samfunnsdel, Omsorgsplanen og Rusmiddelpolitisk handlingsplan, gir føringar for eininga sine tiltak. Koordinerte tenester, helsestasjon- og skulehelseteneste har vore satsingsområde siste åra. Vi har fått prosjektmidlar til styrking av helsestasjonen, og har fått tilsett jordmor i 30% prosjektstilling for 1 år. Dette gjer at vi får gjennomført tidleg heimebesök av jordmor for barselkvinner rett etter heimkomst frå sjukehus i samsvar med statlege føringar. Vi har som mål å kunne vidareføre tiltaket også etter prosjektperioden.

Tilbod til ungdom blir også styrka gjennom prosjektmidlar vi har fått til rusarbeid. Det er tilsett ungdomskontakt i ein prosjektperiode på 3 år. Prosjektmidlane skal også brukast til ei stilling som aktivitetskontakt, for å etablere eit aktivitets- og etterverntilbod for vaksne.

#### Utfordringar

- Mange barn og unge slit med psykisk vanskar, og det blir ikkje nok tid til open trefftid for helsesøster ved skulane. Grendaskulane manglar open trefftid, og ved Øye skule har vi hatt for liten ressurs etter som dette er ein barneskule med mange elevar. Barna på mellomtrinnet i barneskulen bør få større prioritet for å førebyggje vanskar i ungdom- og vidregåande skule.
- Busetting av flyktningar og familiegjenforening fører til auka press på helsestasjonen. Konsultasjonar og oppfølging av familiene, m.a. med vaksinering, er tidkrevjande. Behov for samtalar og veiledning frå helsesøster er aukande.
- Ein slit med å få rekrutert fastleggar i ledige heimlar samt kommuneoverlege.
- Stillingane innan rusarbeid er finansiert gjennom eit 3-årig tilskot frå staten, der midlane blir redusert med 20% årleg. Det er behov for at desse stillingane blir oppretthalde som 100%-stillingar sjølv om tilskottet blir redusert.
- Utfordringar med omsyn til jordmor og vidareføring av igangsatt tiltak retta mot tidleg heimebesök av jordmor for barselkvinner rett etter heimkomst frå sjukehus. Prosjektmidlane tek slutt frå hausten 2019.

#### Tal frå KOSTRA

Kostratala som er innrapporterte siste åra er feil for Surnadal sin del når det gjeld kommunehelseteneste. Det er derfor berre eit lite utval som er tatt med og samanlikna med nærliggande kommunar. Feilen vil bli retta til rapportering i 2019.



Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser kor mykje ressursar Surnadal kommune nyttar per innbyggjar til teneste 232 og andelen i forhold til det totale netto driftsbudsjettet til kommunen, samanlikna med andre. Ein ser at Surnadal kommune har redusert utgiftene dei siste åra, medan dei andre kommunane har auka utgiftene.

Tjeneste 232: <i>Forebygging, helsestasjons og skolehelsetjenesten</i>	Netto driftsutgifter pr innbyggjar			Andel av totale utgifter (prosent)		
	2015	2016	2017	2015	2016	2017
Surnadal kommune	730	649	571	1,2	1,0	0,9
Kommunegruppe 11	567	611	653	1,0	1,0	1,0
Gjennomsnitt i Møre og Romsdal	558	574	601	1,0	1,0	1,0
Gjennomsnitt i Sør- Trøndelag	668	660	703	1,3	1,3	1,3
Sunndal	729	597	797	1,1	0,8	1,0
Averøy	321	344	413	0,6	0,6	0,7
Gjemnes	635	684	761	1,1	1,1	1,2
Tingvoll	440	411	537	0,7	0,6	0,8
Halsa	498	533	601	0,7	0,8	0,8
Rindal	368	432	469	0,5	0,6	0,6

Kilde: ssb.no/Kommuneregnskap: Utgifter til tjenesteområde etter region, funksjon, art, statistikkvariabel og år. Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 13/ 2018.

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Vidareføre prosjekt «God oppvekst» saman med PPT og IK barnevern (ICDP og Tverrfaglig blikk)
- Få rekrutert fastlegar, og kommuneoverlege.
- Arbeide vidare med å få eit tilfredstillande helsestasjonstilbod for busette invandrarar og nye som kjem.
- Arbeide aktivt med kvalitetssikring av tenestene våre.
- Arbeide for ei vridning av helsetenesta til meir tid til skulehelseteneste. Tilby open trefftid ved greneskulane. Mellomtrinnet på barneskulane blir prioritert gjennom auka skulehelseteneste.
- Få på plass oppfølging, aktivitetar og andre tiltak i rusførebygging, aktivisering- og ettervern der ungdomskontakt og aktivitetskontakt har ei sentral rolle.
- Implementere aktuelle pakkeforløp som kjem innanfor psykisk helse, både for vaksne og barn og unge.
- Gjennomføre Ungdata - undersøking og ny registrering av Brukarplan psykisk helse og rus.
- Følgje opp politiske vedtak i samband med Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 13/2018.



### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Ha eit fagleg forsvarleg helstilbod i samsvar med lover og forkritfer innenfor alle tenesesteområda i Helse og familie.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge-tidleg innsats
- Helsesøsterressurs med open trefftid på alle grepndaskulane
- Vidareføre rusarbeidet som er iverksett.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Helse og familie	19 712	21 551	21 800	21 800	21 800	21 800

## 8.2 Sjukeheimen

### Status og utfordringar

Tenester i eininga Surnadal sjukeheim, omfattar heildøgns omsorg og pleie. I tilknyting til opphaldet er det organisert legeteneste, fysioterapiteneste og sjukepleiarteneste i samarbeid med andre deler av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tenesta er heimla etter Lov om helse- og omsorgstenester m.m.

- Langtidsavdeling 1: 12 langtidsplassar (etter stenging av 4 plassar i 2018)
- Langtidsavdeling 2: 12 langtidsplassar (etter stenging av 4 plassar i 2018)
- Kåret, avdeling for demente: 16 plassar. Ved behov for forsterka skjerming må pasienttalet reduserast til 15 plassar.
- Bu- og avlastningsavdelinga ( BOA): Består av 12 langtidsplassar, 4 korttidsplassar, 2 rulleringsplassar/ avlastning, 3 observasjonspost-rom (derav eit paliativ-rom)
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane, heimebuande (matombringning), skular og barnehagar, i tillegg til drift av 3 kantiner
- Vaskeri

Ved sjukeheimen var det per 31/8 i år 86 årsverk, ein nedgang frå 90 årsverk ved årsskiftet.

Vår største utfordring er rekruttering av sjukepleiarar. Dette kan på sikt bli kritisk for oss.

Bygningsmassen ved sjukeheimen treng framleis omfattande renovering. Kjøkkena på langtidsavdelingane er pussa opp i år, og har gjeve oss gevinstar i form av enklare organisering av kjøkkenarbeidet, som har frigjort meir tid til pasientane.

Innføring av Multidose har også frigjeve ressursar.



Vi har hatt fokusområde med fagdagar og internundervisning i dokumentasjon i vår, og helsejus (tvang og makt) i haust.

Ny einingsleiar vart tilsett i februar 2018. Vi har ei ny 40% fysioterapeutstilling frå i haust, då vi ønskjer å løfte innsatsen rundt rehabilitering. Dette for å styrke sjølvstende til pasientane slik at dei kan klara seg betre heime lengre.

Sjukefråvær totalt hittil år ligg på 10,9% for heile eininga. I tillegg til oppfølging og tilrettelegging har vi ulike tilbod om førebyggande tiltak, som arbeidssko, tilsettetrim, massasjeestol, kurs i psykisk helse og tilbod om individuelle samtalar. I tillegg har vi samarbeid med Nav og bedriftshelseteneste i t.d funksjonsvurderingar og ulike kurs.

Vi digitaliserer oss meir, og har teke i bruk nye kommunikasjonskanalar som Yammer, Teams og Forms. 5. nov varti Kafé Heimen opna, ein arena for aktivitetar, arrangement og sosialt samvær for pasientar og pårørande.

#### Dette vil vi oppnå i 2019:

- God rekruttering, heiltidskultur, flest muleg med helsefagleg utdanning
- Auke kompetansen innan velferdsteknologi, kva er aktuelt for oss
- God fagutvikling, gode utviklingsprosessar, kontinuerleg kvalitetsfokus i tenestene, byrja å sjå på m.a personsentert omsorg
- God systematisk sjukefråværsoppfølging. For å koma nærmere målet om 8%, vil vi i 2019 setta oss delmål om fråvær på under 9,5%
- Vidareutvikling av Kafé Heimen
- Godt partssamarbeid og medverknad med tilsette, tillitsvalde og vernetenesta, og jobba for godt arbeidsmiljø og godt omdømme
- Evaluering av årsturnus, sjå på om dette er ei turnusform som kan fungera godt vidare både for tilsette, leiinga og økonomi
- Følgja årshjulet og kompetancesirkelen vår - jobba systematisk
- Ferdigstilla kompetanseplan
- Delta i prosessar på tvers av helse-einingane for å sjå på mulege samhandlingsområder, og medverka i utviklingsprosessar når det gjeld t.d omsorgsplan og helseplattform, samt i bygging av nye omsorgsbustadar.
- Oppstart eldrereformen "Leve heile livet"

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Å ha ei økonomisk ramme som tillater investeringar innan velferdsteknologi
- Å sjå gevinstar av samhandling på tvers av einingar, og i samband med vidareføring kring planane om Helsehus, - rigga oss for å møte demografisk utvikling
- Arbeide i tråd med eldrereforma "Leve heile livet"
- Redusere sjukefråværet til under 8%

#### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Sjukeheimen	52 392	49 782	49 900	49 900	49 900	49 900



## 8.3 Bu- og aktivitetstenesta

### Status og utfordringar

Eininga gir tilbod til personar med ulike formar for utviklingshemming, som har eit behov for bustad med individuelt tilrettelagte tenester til daglege gjeremål, avlastingsopphald i bustad og ulike formar for aktivitetstilbod og arbeid. Elles har eininga fått nye oppgåver og merkar auka etterspørsel etter tenester som krev auka bemanning.


- Sommerotunet aktivitetshus som vart ferdigbygd hausten 2015, har vore eit særskilt positivt løft for heile eininga og for brukarar frå både Rindal og Halsa. Sanseavdelinga blir og brukta av andre brukarar både i og utanfor kommunen.
- Eit av måla er å auke fagkompetansen og tilstrekkeleg med helsepersonell gjennom utdanning og rekrutteringstiltak. Dette har vore eit satsingsområde i saman med fylkeskommunen. Det er fleire som tek vernepleiarutdanning desentralisert over 4 år og på fulltid over 3 år.
- Som eit ledd i kompetanseheving har ein etablert fagfora for dei med 3-årig helse- og sosialfagleg utdanning. Dette håper vi skal vere med å gje eit løft for kvaliteten på tenestene i heile eininga.

### Utfordringar

- Eininger arbeidar med å få god kontroll og oversikt over økonomien i tenesta. Oppretting av tenestenummer per bustad gjer at ein få ei betre oversikt enn tidlegare.
- Sjukefråværet varierer gjennom året og er rund 7 % i snitt dei siste 12 månadene. Det er fleire som er ute i langtidssjukfråvær. Korttidsfråværet er likevel for høgt og det arbeidast med å få redusert fråværet.
- I statsbudsjettet for 2019 ligg det forslag om endring i kommunenes refusjon av direkte lønnsutgifter for bistand overfor særskilt ressurskrevjande brukarar. Innslagspunktet blir auka frå kroner 1.235.000 til kroner 1.320.000 og fråtrekk for rammetilskotets del for kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år blir auka frå 655.000 til 656.000.
- Det er for få tilsette i eininga med helse- og omsorgsfaglig høgskuleutdanning for å kunne oppfylle krava i Helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Etter tilsyn frå Fylkesmannen sommaren 2017, har kommunen fått pålegg om å auke kompetansen gjennom rekruttering av fleire med helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning i bustader der brukarar har vedtak etter HOL kap. 9.

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Etablere aktiviteter i garasje/grovverkstad ved Sommerrotunet aktivitetshus for å ha fleire muligheter for aktivitet tilpassa brukarane.
- Satsing på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette. Omgjering av assistentstillingar til stillingar for personell med helse- og omsorgsfagleg høgskuleutdanning og rekruttering av



- rett kompetanse for å oppfylle lovkrav i HOL kap. 9. Vidareutdanning innafor velferdsteknologi, psykisk helsevern og rusarbeid for å auka kompetansen i eininga og kvaliteten på tenestene.
- Utvide aktivitetstilbodet for å gi eit tilbod til fleire brukarar, som ikkje lenger kan nyte tilbodet dei har ved Trollheim AS.
- Vidareutvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nyte kompetansen på tvers av einingane i helse- og omsorg. Nyheiter innanfor tilgjengelig velferdsteknologi må utredas med tanke på bruk, gjeldande lovverk, retningslinjer samt brukarmedverknad for å kunne gi tenestemottakarane større handlingsrom og tilsette betre oversikt.
- Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan gje trivsel og lågare sjukefråvær.
- Utprøving av alternativ turnus, med langturnus på helg og ein utprøving både kvardag og helg, med mål om fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidsstillingar.

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Innføring av velferdsteknologi der det er hensiktsmessig.
- Regelmessig internundervisning for tilsette. Arbeide for at alle tilsette har eit minimum av formalkompetanse i form av fagbrev innafor helse- og omsorg på vidaregåande nivå. Rekruttering av nye tilsette med helse- og sosialfaglig utdanning på høgskulenivå. Fagfora for dei med 3-årig høgskuleutdanning. Økt satsing og stimulering til vidareutdanning innafor velferdsteknologi, psykisk helsevern og rusarbeid.
- Arbeide med å halde sjukefråværet lågast mogleg.
- Evaluere og eventuelt vidareføre alternativ turnus. Fleire heiltidstilsette og mindre ufrivillig deltid gjennom bruk av eksempelvis langturnus. Sjå på mulighet for bruk av årsturnus.
- Vidareutvikle og eventuelt utvide arbeidet innafor førebyggande psykisk helsearbeid.

#### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Bu- og aktivitet	44 765	42 874	47 700	47 700	47 700	47 700



## 8.4 Heimetenesta og rehabilitering

### Status og utfordringar

Internasjonale og nasjonale trendar går mot at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærmest mogleg heimen. Det er også eit overordna nasjonalt helsemål at folk skal få bu heime så lenge dei ønskjer det, trass sviktande helse. I Surnadal kommune har heimetenestene vore langt framme i dette arbeidet gjennom metoden HPH (Helhetlig Pasientforløp i Hjemmet), der vi arbeider med pasienten si eigenmeistring.

Vi ønskjer å etablere ein kultur som er kjenneteikna av kunnskap, læring og samhandling. Vi har trua på at kunnskap skal delast for å oppnå læring og utvikling. Difor legg vi til rette for samhandling mellom dei ulike fagområda for å styrke kvarandre. Dei seinare åra har vi bygd opp kompetanse på demens, kreft, diabetes, geriatri, rehabilitering, psykisk helse og legemiddelhandtering. Vi har dyktige og engasjerte leiarar som ved bruk av eit pasientforløp i stadig utvikling, greier å sy saman rett kompetanse, på rett stad til rett tid for brukaren og pasienten.

Heimetenesta har dei seinare åra digitalisert mange arbeidsprosessar og velferdsteknologi er ein stadig meir aktuell del av tenestetilbodet. Utfordringa er å tilpasse organisasjonen til dei nye løysingane.

#### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Innføre ny velferdsteknologi som multidosedispensere og digitale tilsyn.
- Utvikle og forbedre pasientforløpet (HPH- helhetlig pasientforløp i hjemmet) gjennom deltaking i KS sitt nettverk i Møre og Romsdal.
- Gjere organisasjonen klar til å ta i bruk Helseplattformen og bidra aktivt i utforminga av innhaldet i Helseplattformen.
- Styrke tilbodet til pårørande og samarbeidet med pårørande i tråd med krav i nytt rundskriv om pårørandeoppfølging.
- Få demenskoordinator, kreftkoordinator og diabetessjukepleiar tidlegare inn i pasientforløpet. Helst ved diagnosefastsetting.
- Utvide samarbeidet med dei andre helseeiningerane for å gjere best muleg bruk av tilgjengeleg kompetanse.

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet.
- Ta i bruk fleire teknologiske løysingar som kan auke tryggleiken og eigenmeistringa for innbyggjarane, og forenkle og effektivisere arbeidsprosessar for tenesteytarar.
- Arbeidslokale som er tilpassa dei oppgåvane vi skal løyse og som legg til rette for tverrfagleg samarbeid. Helsehus.

#### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Heimetenesta og reh.	31 009	33 184	33 839	33 839	33 839	33 839



## 8.5 NAV Surnadal

### Status og utfordringar

NAV Surnadal har full bemanning og eit godt arbeidsmiljø. Den store utfordringa ligg i å styrke arbeidslinja og få flest mogleg ut i arbeid og aktivitet. Arbeid er viktig for både å sikre eit stabilt inntektsgrunnlag, betre livsutfolding og det å bli del av det sosiale fellesskapet som normalt er på ein arbeidsplass. Det er også viktig for å få ned delen som går til økonomisk sosialhjelp.

#### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Det er viktig å tenke arbeid og aktivitet og gode kvalifiseringsløp.

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

Bruk mindre på økonomisk sosialhjelp og at vi får flere ut i arbeid og aktivitet (sjølvforsørgande) og sette krav til aktivitet for de som har sosialhjelp som einaste yting. Betre kartleggingar som gjer at ein kjem inn tidleg med tiltak.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
NAV	4 995	5 928	7 000	7 700	7 700	7 700

### Rådmannen sin kommentar

Innanfor helse og omsorg er det på gang mange store og utfordrande prosessar i komande økonomiplanperiode. Surnadal kommunestyre vedtok i juni 2018 å gå vidare med planlegging av eit framtidig Helsehus. I samband med planlegging av eit Helsehus er tanken at ein både skal sjå på organisering av tenestene og mulighetene for samarbeid mellom dei, samt tilrettelegging for framtidas tenester gjennom bruk av velferdsteknologi og bygningsmessige tilpassingar.

Som ei oppfølging av dette vedtaket skal Omsorgsplanen rullerast. Målet er å finne strategiar og tiltak som vil kunne møte framtida sine behov for helse og omsorgstenester i Surnadal i åra framover. Framskrivningar av folketalsutviklinga syner at det er auka behov for heildøgns omsorgsplassar dei neste ti åra.

Kommunestyret har som eit trinn 1 i arbeidet med Helsehus fatta vedtak om bygging av nye omsorgsbustader ved Surnadal sjukeheim, avd. Kåret. Det er i forslag til investeringsbudsjettet sett av midlar i 2019 og 2020 til bygging av desse omsorgsboligane.

For å sikre gode og trygge tenester er kommunen avhengig av tilsette med relevant og oppdatert kompetanse til ei kvar tid. Vi har svært mange dyktige tilsette som bidrar til fagutvikling og kompetanseheving innafor sine område. Utfordringa framover vil vere å halde på alle dei gode medarbeidarane vi har,



samstundes som vi må rekruttere nye medarbeidrarar som ofte har andre krav og forventningar til m.a. lønn og arbeidsvilkår. Surnadal kommune konkurrerer om kompetanse både når det gjeld legar, sjukepleiarar, psykologar, barnevernspedagogar og vernepleiarar for å nemne noko. Godt omdømme saman med riktige rekrutteringstiltak må til for å skaffe den arbeidskrafta vi treng. Organisering av tenestene og samarbeid på tvers av einingane er og noko vi må sjå på for å bruke dei ressursane vi har på ein best muleg måte.

Einingane i helse og omsorg varslar om tronge rammer, der det vil vere naudsynt med fortsatt reduksjon i drifta for å komme innafor tildelte rammer.



## 9 Teknisk

### 9.1 Kommunalteknikk

#### Status

Budsjett og regnskap innan teneste 420 har hatt ei uheldig utvikling i lang tid.

Bl.a. skuldast dette::

- Pålagede kostnader med drift av naudnettet: kr 275 – 300.000
- I 2015 vart ramma for teneste 420 skore ned med kr 500.000.
- I 2017 vart ramma for teneste 420 skore ned med ytterlegare kr 700.000
- Budsjetta for 2016, 2017 og 2018 bygger vidare på desse nedskjeringane.
- Nye vegstrekningars (bygd på 2000-talet), som det ikkje er «kompensert» for.

Sommaren/hausten 2017 vart det teikna nye 4 års-kontraktar på strøing;brøytning av kommunale vegar og plassar. I forhold til tidlegare år vart desse kontraktane betydeleg dyrare, noko som og vil gje seg utslag i åra framover. Desse kontraktane er indeksregulert og prisauken frå vintersesongen 2017/18 til 2018/19 er på heile 6,0 %. I tillegg til dette har det vore misforhold mellom auken i den økonomiske ramma og auken i timeprisar på leide maskiner dei to siste åra. Dette er kompensert gjennom to budsjettreguleringar i 2018.

For teneste 6710 Brannvesenet er det no eit stort behov for følgjande opplæring:

- Grunnkurs for brannkonstablar.
- Opplæring i å kjøre uthyrking (160-kode).
- Oppkjøring klasse C. Både hovudbil og tankbil krev slik førarkortklasse.
- Slik opplæring og dermed utgifter er det ikkje rom for innafor ramma.

#### Utfordringar

- Drifte vegnettet og brannvesen med dagens (2018) bevilling/budsjetttramme, sjå kommentarane ovanfor.
- Rehabilitering og fornying av behandlingsanlegg vassverk samt utskifting av brot-utsette rør-strekningar.
- Opplæring av deltidsmannskap i brannvesenet. Behov for fleire med uthyrkings-sertifikat (kode 160), sertifikat for køyring med tunge køyretøy (klasse C) og grunnopplæring av konstablar.

#### Nokre utvalte tal frå KOSTRA

	Surnadal 2017	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Del av befolkninga som er tilknyttt kommunalt vatn (%)	74,6	75,4	73,9	-	82,8



Andel innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat e-colie	100	98,8	99,6	-	98,0
Årsgebyr for vannforsyning (rapporteringsår + 1)	3082	3641	3174	3002	3453
Ande av befolkningen som er tilknytt kommunalt avløpstjeneste (%)	49,6	49,3	77,4	-	82,8
Årsgebyr for avløpstjenesten (rapporteringsår + 1 )	3728	3354	3121	3641	3894
Årsgebyr for septikktømming (rapporteringsår +1))	1 200	1 200	1314	1386	1501
Årsgebyr for avfallstenesten (rapporteringsår + 1)	2 675	2 650	2 652	2 698	2 759
Netto driftsutgift i kr. pr. km kommunal veg,	117 245	102 287	104 360	98 065	129 446
Andel kommunale veier og gater utan fast dekke (%)	39,4	40,4	22,4	42,5	29,0
Netto driftsutgifter (brann- og ulykkesvern) pr. innbygger	637	706	941	844	765
Årsgebyr for feiring og tilsyn (rapporteringsår + 1)	571	633	417	442	439

### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Bygge ut nytt behandlingsanlegg og høgdebasseng i Stangvik (Prestelva vassverk).
- Forsterke vassleidningsnettet iflg. investeringsplanen.
- Planlegge utbygging av kommunalt avløp til Tellesbø.
- Forbetre dei kommunale avløpsforholda på Kvendset i Todalen.
- Forsterke kommunale vegar og bruar i følge investeringsbudsjett.
- Starte feiling av hytter og fritidsbustader.

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

- Ferdigstille utbygging av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.
- Fortsette utskifting av asbest-sementrør.
- Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innanfor ansvarsområda 420 og 430.
- Revidere hovudplan avløp og hovudplan vassforsyning i planperioden.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Kommunalteknikk	10 310	9 335	12 500	12 500	12 500	12 500
VARF	-2 739	-2 471	-2 471	-2 471	-2 471	-2 471



## 9.2 Areal- og naturforvaltning

### Status

Avdelinga har høg aktivitet knytt til forvaltninga av kommunen sitt areal.

### Utfordringar

Avdelinga har få ansatte og er sårbar med tanke på tenesteproduksjon til rett tid og kvalitet.

#### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Produsere tenester til rett kvalitet innan saksbehandling og rådgivning
- Nyte digitale verktøy (som saksbehandlingsprogrammet eByggessak) til å gi betre kvalitet på tenestene.
- Følgje opp kommuneplanen sin areldel – påverke private grunneigarar til å sette i gang reguleringsplaner i tråd med kommuneplanen.
- Sette i gang reguleringsplaner for gang- og sykkelvegar vedtatt i kommuneplanen.
- Følgje opp utviklinga av Svartvatnet friområde.
- Delta i klimanettverk Nordmøre og anskaffe program for klimaregnskap gjennom ein felles innkjøpsprosess.
- Fullføre arbeidet med gateadressering.

#### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

Ajourføring av kartgrunnlag er i Statens kartverk sin fylkesgeodatoplan planlagt i 2021.

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Areal og naturforvalt.	6 072	6 115	5 900	5 900	5 900	5 900



## 9.3 Eigedom

### Status

Det daglege arbeidet går bra, men vi ser at nedbemanninga som er gjort gir ein del utfordringar i og med at det blir færre hender og hoder i arbeid. Det som får lide er implementering av nye IT-baserte styringssytemer da det rett og slett ikkje er ledig tid, samtidig som oppstartstterskelen er relativt høg.

Vi har også i år fått gjort ein god del vedlikehaldsoppgåver, mange leilegheiter er pussa opp, hus er malt og ein del gamle vindauge og dørar er bytta.

Av investeringar er det meste på programmet for 2018 utført, det meste i eige regi og noko med leigd hjelp. Varme/kjølepumpe ved kulturhuset er ikkje utført så det må overførast til 2019.

Nokre faktatal for Eigedom:

- Ca. 50 000 m<sup>2</sup> golvareal
- 33 stk utleigebustader
- 57 stk omsorg/pensjonærbustader
- 32 stk flyktingebustader
- Drift av symjehall og idrettshall
- 35 tilsette, fordelt på 31 årsverk

### Utfordringar

Vi ser utfordringar med vedlikehald av våre kommunale bygg da vi etter kvart har ein del fasadar både med dårlig kledning og vindauge som skulle vore bytta. Det vi rekk med eigne mannskap kan vi klare med dei driftsmidlane vi har, men om vi skal ta større renoveringar med innleige av hjelp blir tilgjengelege midlar for små.

Ser også utfordringar med ytterlegare reduksjon med 1,5 årsverk på reinhald. Noko kan ordnast med endra reinhaldsrutiner, men belastninga for dei som er att blir uansett større, og vi er da redde for at dette kan føre til meire sjukemeldingar.

Elles har vi nokre utfordringar med busettinga av flyktingar, etterkvart som dei blir ferdige med introduksjonprogrammet flytter ein del frå bygda og det tynnes ut i bukollektiva, noko som gjev dårlig økonomi for området. Vi prøver å få flytta på nokre for å få til betre utnytting, men det er ei oppgåve som er tidkrevjande og som tar

### KOSTRA-tal

	Surnadal 2017	Surnadal 2016	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Areal på formålsbygg per innbygger (m <sup>2</sup> )	6,5	6,5	5,8	5,8	5,2
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter	44	21	93	77	100



### Dette vil vi oppnå i 2019:

- Få på plass og få teke i bruk FDV-systemet
- Fokus på gjennomgang av reinhaldsoppgåver med tanke på nedbemannninga
- Få teke i bruk vaskerobot
- Omorganisering?

### Dette vil vi oppnå i 2020-2022:

Meire målretta styring av ressursane ved hjelp av FDV-systemet.

- Få satt i system og få effektuert "leie til eie" for nokre kommunale bustader

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Budsjett 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto	Øk.plan 2022- netto
Eigedom	21 884	18 136	17 800	17 800	17 800	17 800

### Rådmannen sin kommentar

Aukande kostnader til vintervedlikehaldet går utover sommarvedlikehaldet. Snørydding og strøing er oppgåver som vi må ta hand om. Ein betydeleg auke i fastsummen i siste kontraktsrunde inneberer at vi uavhengig av korleis vinteren artar seg vil ha betydelege utgifter til brøyting. Men ein ekstremvinter i ei eller anna retning vil naturlegvis slå anten positivt eller negativt ut på rekneskapen. Dei to siste åra er det samla brukte over 12 millionar kroner til fast dekke. Dei strekningane som får fast dekke blir godt opprusta før dekket blir lagt. Nye fem millionar er foreslått for neste år. Mellom anna vil nye stikkrenner vere viktig for å møte klimaendringar som aukande nedbørsmengder. På resten av vegnettet er det etterkvart blitt eit stort etterslep når det gjeld sommarvedlikehald som kant- og grøfterensk og grusing.

Innafor brann- og feiarvesenet blir det arbeidd med eit framtidig brannsamarbeid mellom Heim, Rindal og Surnadal. Dette vil bidra til at vi oppfyller krava i dei nye brannforskriftene. For feiarane våre er det organiseringa og gjennomføring av feiring av fritidsbustader som vil kreve sitt dei nærmaste åra.

Arbeidet med å legge til rette for boligbygging held fram, og til neste år vil arbeidet med Gryta 2 bli sett i gang. Arealplanen vil og vere eit godt grunnlag for framtidsretta arealbruk i åra framover, og det blir arbeidd med fleire attraktive boligfelt. Digitaliseringa vil i åra framover ha mykje å seie for å effektivisere og sikre ei god plan- og byggessakshandsaming.



Det er stramme budsjett til kommunalt vedlikehald. Eige mannskap har innanfor tilgjengelege midlar greid å ta hand om mindre bygge- og vedlikehaldsprosjekt. Med den store boligmassen som kommunen rår over, greier vi ikkje med dei midlane vi har tilgjengeleg å unngå eit aukande etterslep på vedlikehaldet. Den planlagte innføringa av eit digitalt FDV-system vil gjere oss i betre stand til å få oversikt over vedlikehaldsbehovet. Nye Øye skule og omsorgsboligar vil vere større prosjekt som vil kreve sitt av ressursar også frå Eigedomseininga.

Det er vedteke å slå saman Kommunalteknikk og Eigedom i april 2019. Gjennom denne prosessen vil det bli arbeidd med å finne synergieffektar både når det gjeld administrativ leiing, felles planlegging og felles utstyr og bemanningsdisponering.

## 10 Ik barnevern

### Status og utfordringar


Surnadal er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta i Halsa, Rindal og Surnadal. I løpet av planperioden vil samarbeidskonstellasjonane endre seg, ut frå at Halsa har sagt opp sin avtale og går over til eit samarbeid på barnevernsfeltet saman med nye Heim kommune frå 1. januar 2020. Rindal kommune blir del av Trøndelag fylke, men held fram samarbeidet med Surnadal når det gjeld barnevern. Vidare vil kommunestyret sitt vedtak av 8. november 2018 føre med seg ei utgreiing av framtidig samarbeid med Sunndal på barnevernsfeltet. Totalt omfattar tenesta i dag 12 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 sekretær, 1,5 heimekonsulenter og 8,8 fagstillingar.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstsvilkår.

Det er enno ein auke i saker og auka arbeidsmengd, noko som fører til stor arbeidsbelastning i eininga. Det har også det siste året vore høgt sykefråvær, noko som og har ført til stor belasting for dei som har vore på arbeid. Per 31. Oktober utgjer sjukefråværet 1,5 stilling.

Utvikling over år for IK barnevern:

\*Gjeld pr. 31.10.18



Diagrammet viser utviklinga i meldingar som er motteke, kor mange barn som er under omsorg, og kor mange som er i hjelpetiltak. Diagrammet viser at mengd meldingar går litt opp og ned, der det er ein klart aukande tendens for 2018. Dette tyder på ei auke i mengda barn som mottek hjelpetiltak. For 2018 er det ei auke i mengda barn som er under omsorg av barnevernet.

### **Utfordringar:**

- Saksmengd og belastning
- Aukande behov for hjelpetiltak.
- Behov for fleire tilgjengelege tiltak for barn med ulike behov.
- Behov for fleire heimekonsulentar, dette i samanheng med aukande behov for hjelpetiltak. Det har i tillegg vore langtidssjukemelding innan tiltaket i 2018.
- Budsjett for etablering av nye tiltak
- Behov for å styrke det førebyggjande arbeidet retta mot utsette barn, ungdom og familiane deira, slik at ein kan kome tidleg inn med gode tiltak og unngå problemutvikling.

### **Dette vil vi oppnå i 2019:**

- Fortsatt styrke tidleg innsats, og redusere plasseringar utanfor heimen.
- Omorganisere tenesta i team for å kvalitetssikre arbeidet og opne for større grad av spesialisering. Per i dag er tenesta organisert etter generalistmodellen.
- Styrke rutinane for å sikre god kvalitet i alle ledd av arbeidsprosessane.
- Styrke det tverrfaglege samarbeidet i alle tre kommunar.
- Informere andre einingar om barnevernet sitt arbeid.
- Rekruttere fosterheimar/beredskapsheimar.



- Halde sykefråværet på eit lågare nivå.

#### Dette vil vi oppnå i 20120-2024:

- Sjå gevinsten av tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og informasjonsarbeidet.
- Auka effektivitet i form av fleire digitale løysingar i fagsystemet, blant anna med arkiv og brev (svar inn/svar ut) samt oppgradert økonomiløysing i Familia.
- Fokus på å uke kvalitet innan det barnevernfaglege arbeidet fram mot barnevernreformen der meir ansvar vil bli lagt til kommunane.
- Sjå gevinsten av omorganisering og endra samarbeidskonstellasjonar.

#### Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2017- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2017 - netto	Øk.plan 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto
IK Barnevern	10 733	9 161	10 000	10 000	10 000	10 000



## 11 Investeringsar og prioriteringar

	2019	2020	2021	2022
IKT – Orkidé	788	229	432	168
IKT- LOKALT				
DIGITALISERINGSPROSJEKT	1500	1500	0	0
FELLESPROSJEKT HELSEPLATTFORMEN			1250	1250
<b>Sum ansvar: 100 Sentraladm.</b>	<b>2 288</b>	<b>1 729</b>	<b>1 682</b>	<b>1 418</b>
130 KULTUR				
KULTURHUSET- HALDEPlass				
KAVLVEGEN				
<b>Sum ansvar: 130 KULTUR</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
330 BU OG AKTIVITET				
BILKJØP				
Sum ansvar: 330 Bu og aktivitet	-	-	-	-
330 SJUKEHEIMEN				
Bilkjøp				
Sum ansvar: 330 SJUKEHEIMEN	-	-	-	-
350 HEIMETENESTE OG REHAB.				
BILKJØP	650	325	325	325
<b>Sum ansvar: 350 HEIMETENESTE OG REHABILITERING</b>	<b>650</b>	<b>325</b>	<b>325</b>	<b>325</b>
420 KOMMUNALTEKNIKK				
UTSKIFTING LASTEBIL MED KRAN		1 500		
BILKJØP	550			
OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	5 000	5 000	5 000	5 000
FORSTERKING KOMMUNALE BRUER	1 000	1 000	1 000	1 000
OPPGRADERING/UTSKIFTING AV ØYA_BRUA I TODALEN				
GATELYS-PAKKE BOLIGFELT	1 500	1 500		
GATELYS LED (UTSKIFTINGSPLAN EKSISTERENDE)	200	200	200	200
OPPKJØRSEL TIL ØYS BARNEHAGE (RE-	1 000			



LINING 800MM RØR)				
INFRASTRUKTUR INDUSTRIOMRÅDE RØTET	1 500	1500		
SVARTVATNET FRIOMRÅDE GANGVEG	2 000			
SVARTVATNET FRIOMRÅDE/ AMFI PARKOMRÅDE	2 000	2 000		
HØGBERGET/ ØYAGARDSLIA/HESTÅSEN BYGGEFELT		300	1 500	9 000
HOLTAMOEN / SKARMO BYGGEFELT	200	800		
KRÅKHAUGEN - FASE 2 UTBYGGINGSAVTALE		1 500		
NYSTUBAKKEN ØVRE - KVANNE	400			
BYGGEFELT FLATHAUAN/TODALEN		700	4 000	
UTVIDELSE TROMYRHUAUAN STANGVIK			1 000	1 000
STORMYRA III				
GRYTÅ II BYGGEFELT	3 300			
BØLANDDET BYGGEFELT		1000		
UTSKIFTING AV RØYKDYKKERBIL / VAKTBEREDSKAPS BIL	700			
UTSKIFTING AV TANKBIL BRANN (1999-MOD)			2 500	
UTSKIFTING AV REDNINGSBIL (2001-MOD)				1 000
UTSKIFTING AV BRANNPUMPE	170			
UTSKIFTING AV BRANNBIL (1998-MOD)				500
UTSKIFTING AV BRANNBIL MED TANK (1998-MOD)				1 000
<b>Sum ansvar: 420</b>				
<b>KOMMUNALTEKNIKK</b>	<b>19 520</b>	<b>17 000</b>	<b>15 200</b>	<b>18 700</b>
BILKJØP VATN / AVLØP		550	450	450
BILKJØP FEIERVESENET		550		
FAUSKÅA VASSVERK	1500	1 000	800	2 000
KVANNE OG STANGVIK VASSVERK	10 000	10 000	7 000	
KLOAKKANLEGG STANGVIK		250		
PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT	600		650	650
AVLØP NORDVIK (SOLIJA BYGGEFELT)		300		
DRIFTSOVERVÅKING VATN NORDVIK OG BELE	250			
KJØRETØY OG UTSTYR TIL HYTTEFEIING		100		
BØFJORDEN VASSVERK			750	



VATN OG AVLØP I ØYEGARDSLIA (FRAMTIDIG BYGGEFELT)				4 000
AVLØPSANLEGG TODALEN	1 300			
KLOAKKANLEGG TELLESBØ	250	1000	0	0
<b>Sum ansvar: 430</b>				
<b>KOMMUNALTEKNIKK - VAR</b>	<b>13 900</b>	<b>13 750</b>	<b>9 650</b>	<b>7 350</b>
440 AREAL OG NATURFORVALTNING				
E-Bygg IKT				
DIGITALE KART	185	185		
<b>Sum ansvar: 440 AREAL OG NATURFORVALTNING</b>	<b>185</b>	<b>185</b>		
460 EIGEDOM				
UTLEIGEBOLIGER I DAMVEGEN (NYBYGG/TOTALRENOVERING)				10 000
LAGERBYGG KOMMUNALTEKNIKK/ EIGEDOM (RØTET)	4 500			
OPPGRADERING BARNEHAGELOKALE	4 800			
BILKJØP	350		350	
KULTURHUSET VARME/ KJØLEPUMPE	600			
KLEIVA - UTESCENE	150			
NYE ØYE SKULE	75 000	100 000		
OPPGRADERING/ NY BARNEHAGE ØYE (97-BYGGET)			3000	
HELSEHUS – PLANLEGGING FASE 2	500	1 000		
NYE OMSORGSBOLIGER PÅ BÅRDSHAYGEN	20 500	20 500		
STANGVIK BUSTADPROSJEKT	23 000			
ROBOTPROSJEKT – EIGEDOM 2018	500			
BRANNSTASJON – Nye GARDEROBAR	200			
<b>Sum ansvar: 460 EIGEDOM</b>	<b>130 100</b>	<b>121 500</b>	<b>3 350</b>	<b>10 000</b>
PARKERINGSPLASS VED TODALEN				
KYRKJE	250			
HWC OG DÅPSROM (STANGVIK OG ÅSSKARD)		350	350	350
<b>Sum ansvar: 530 KYRKJELEG</b>				
<b>FELLESRÅD</b>	<b>250</b>	<b>350</b>	<b>350</b>	
540 IK BARNEVERN				



BILKJØP				
<b>Sum ansvar: 540 IK BARNEVERN</b>				
<b>T O T A L T</b>	<b>166 893</b>	<b>154 839</b>	<b>30 557</b>	<b>37 792</b>